

10 SEPT 2014

Hordaland fylkeskommune
 v/ Opplæringsdirektør Svein Heggheim
 Opplæringsavdelinga
 Postboks 7900
 5020 Bergen

MØTE I OPPLÆRINGS- OG HELSEUTVALET 3.JUNI 2014, SAK 44/2014,
OPPFØLGING AV SKOLEBRUKSPLANEN

I saksframlegget står det m.a. fylgjande om Bergen Katedralskole: "...Utgreiingsarbeidet har enno ikkje konkludert med kor stor utviding som er realistisk å få til. Dette gjer at det er naudsynt med ei vurdering av kva elevgrupper som skal prioriterast med tanke på tilbodet ved skulen. I det vidare arbeidet legg ein til grunn ei PRIORITERING AV ORDINÆRT STUDIESPESIALISERANDE TILBOD OG IB. DETTE VIL INNBERE AT TILBODET TIL MINORITETSSPRÅKLIGE BLIR FLYTTA" (vår utheving).

Vi vart mildt sagt svært overraska og fortvila då vi las saksutgreiinga, for vi har ikkje vore invitert til å koma med noko høyringsuttale om eventuelle endringar av vedtaket frå Fylkestinget 11.12.2012.

Vi held oss til vedtaka i dei politiske styringsorgana, og i fylkestingsak nr. 72/12: "Skolebruksplanen for Hordaland fylkeskommune 2012-2025-Del 1: Skole- og tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Hordaland" står det m.a. i pkt.7: "Når voksenopplæringa vert flytta til Kalfarveien, får Bergen Katedralskole utvida det vidaregåande skoletilbodet til 7 parallellear på ST og innføringsklassar som vist i saksutgreiinga. Tilboden med International Baccalaureate (IB) vert videreført og vurdet utvida med ein parallel. Det vert føresett at ein ikkje går ut over totaltalet parallellear fastsett i planen..."

I sjølve saksutgreiinga står det m.a. fylgjande om Katedralskolen: "Rektor og dei tillitsvalde på BKS skriv at framlegget om å auke frå 4 til 7 parallellear på den ordinære studieforberedande utdanninga, som inneber 8-9 parallellear medrekna innføringsklassar og Baccalaureate-elevane, er heilt i tråd med skolens ynskjer."

Saksframlegget til Opplærings- og helseutvalet 3.juni i år speglar derfor ikkje skulens syn, etter vår mening. Vi ynskjer ikkje å prioritera andre elevar framfor dei minoritetsspråklege elevane, slik at den gruppa av elevar som mest treng til ro og stabilitet vert utsett for eit slikt dramatisk vedtak.

Vi trudde administrasjonen fulgte opp dei politiske vedtaka, så når vi no har vorte usikre på det, så ber vi Opplæringsdirektøren stadfeste at vedtak gjort i Fylkestinget 11.12.2012 fortsatt er gyldig.

For ordens skuld vil vi minna om at Bergen Katedralskole har

*tatt imot minoritetsspråklige elevar kontinuerlig sidan 1975.

*hatt eigne minoritetsspråklege klassar sidan 1979.

*svært høg kompetanse på dette området.

*eit svært godt omdømme hos desse elevane og deira føresette.

*vore og vert oppfatta som ein inkluderande skule i og med at skulen har eit særskilt tilrettelagt vidaregåande tilbod for dei minoritetsspråklege elevane.

Dei tilsette er svært opptekne av dette gode miljøet og ser med uro på at skuleeigar ynskjer å prioritera berre ordinært studieforberedande og IB.

Desse studietilboda må ikkje prioriterast på bekostning av tilbodet til dei minoritetsspråklege elevane. Vi ynskjer ikkje at dei skal verte ekskluderte frå fellesskapet ved skulen og verte ein salderingspost når elevtall og fysisk kapasitet skal gå opp.

Vi er svært glade og nøgde med at politikarane samrøystes vedtok å utsetje denne saka til neste møte i Opplærings- og helseutvalet 16.-17.september i år.

Vi har difor stor von om at vedtaket i Fylkestinget frå desember 2012 fortsatt skal vera rettesnora for arbeidet med å utvikla tilbodet for dei minoritetsspråklege elevane ved skulen.

Til slutt ber vi om at dette brevet fylgjer med saka fram til politisk handsaming.

Venleg helsing

Gøril Barka

Lokallaget i Utdanningsforbundet

v/ Gøril Barka

Willem von Erpecom

Lokallaget i Norsk Lektorlag

v/ Willem von Erpecom